



Årdal kommune

Årdal eldreråd

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 02.03.2026

Møtetid: Kl. 12:00 PM - 2:00 PM

Møtestad: Møterom Seimdalen

Saksnr.: 001-006/26

Følgjande medlem møtte
Aud Sissel Sveen
Inge Moen
Oddgeir Øren
Patricia Seglem Lægreid
Sigrid Karin Solvoll
Kirsti Eklund

Møteleiar:	Patricia Seglem Lægreid
Frå adm. møtte:	Marita Opheim, kommunalsjef Helse og omsorg
Dokument utlevert i møtet:	Tilleggsinnkalling – årsmelding og regionmøte for eldreråda Indre Sogn 2026
Synfaring:	

Merknader:

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-001/26	Opning av møte
PS-002/26	Orienterings- og drøftingssaker
PS-003/26	Den kulturelle spaserstokken
PS-004/26	Regionmøte for eldreråda 2026
PS-005/26	Årsmelding - Årdal eldreråd - 2025
PS-006/26	Ymse

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/26	Årdal eldreråd	02.03.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr.:
26/295

Opning av møte

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste.
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal godkjenne møteprotokollen i lag med leiar.

02.03.2026 Årdal eldreråd

Leiar ynskjer alle velkommen tilbake.

Ingen kommentarar til innkallinga eller saklista

Sissel Sveen og Inge Moen godkjenner møteprotokollen saman med Leiar

ÅER - 001/26 Vedtak

Teke til viten

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/26	Årdal eldreråd	02.03.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr.:
26/295

Orienterings- og drøftingssaker

02.03.2026 Årdal eldreråd

Kommunalsjef Helse og omsorg, Marita Opheim, informerar om omstilling i Helse og omsorg. Powerpoint frå Kommunalsjef vert vedlagt møteprotokollen.

Kommunalsjefen opplysar at Regional koordineringsgruppe for "Bu trygt heime", saman med Statsforvaltaren i Vestland, Husbanken, KS, Vestland fylkeskommune og Utviklingssenteret for sykehjem og hjemmetenester, inviterar til regional samling 23. mars, på Leikanger, Folkets hus. Tema "Felleskap og meistring - Bu trygt heime i Vestland". Patricia Seglem Lægreid og Oddgeir Øren ynskjer å delta saman med Marita Opheim. Kirsti Eklund skal ta opp dette i Utvalet Levekår torsdag 5. mars om nokon der ynskjer å delta. Så vert plassane delt mellom råda.

ÅER - 002/26 Vedtak

Orienteringane teke til vitande.

Kommunalsjefen Helse og omsorg, Marita Opheim, melder på to deltakarar frå Årdal eldreråd til Regional samling om "Felleskap og meistring - Bu trygt heime i Vestland".

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/26	Årdal eldreråd	02.03.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr.:
26/295

Den kulturelle spaserstokken

Saka gjeld

Den kulturelle spaserstokken.

Vestland fylkeskommune jobbar med å omorganisere tilskotsordningar. 30 ordningar skal bli til 7 større ordningar.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/innspel-nye-retningslinjer-for-sju-tilskotsordningar-innan-kultur-og-folkehelse/>

Tidlegare kulturelle spaserstokken har hamnar inn i "Regionalt kulturfond Vestland"

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune er i ein prosess med å gjere tilskotsordningar innan kultur og folkehelse enklare og meir oversiktlege. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har vedtatt å legge ut forslaget til retningslinjer for dei største ordningane for innspel før endeleg vedtak.

Det jobbast med å komme med innspel til denne høyringa.

Årets program kan me uansett prøve å setje, då der er midlar til overs frå tidlegare tildelingar.

Tilråding:

Forslag til hovudtrekk i eit program for den kulturelle spaserstokken 2026:

- Konsertar på Årdal sjukeheim, Seimsdal sjukeheim og ÅBO, vår og haust.
 - Kulturskulen
 - Lokale musikkarar
- Musikk quiz - fellesarrangement (Linda Fosse - tilsendt tilbod)
- Eldredagen 2026 (1. oktober, nytt opplegg på Tangen)
- Eldrekino til hausten

Programmet må spesifiserast meir.

Innspel til Vestland fylkeskommune til denne nye organiseringa av tilskotsordningar er teke til vitande.

02.03.2026 Årdal eldreråd

Sekreter informerar om kva som er komt inn og at det som ligg i saka er kun eit forslag.

Førebels program for 2026:

- Konsertar på Årdal sjukeheim, Seimsdal sjukeheim og ÅBO, vår og haust.
 - Laila Asperheim (med elevar)
 - Nokon lokale musikkara
- Musikk quiz - fellesarrangement (Linda Fosse - kinoen på Tangen) (Mai eller august unntatt: 1-4sept)
- Eldredagen 2026 (1. oktober. Som tidlegare, Samhold, Informasjon frå Kommunalsjef Helse og omsorg, Musikk (kjem seinare))
- Eldrekino (Kystfolket?) - etterfulgt av advokat med gjennomgong testament/arv (

ÅER - 003/26 Vedtak

Sekreter sjekkar angående:

- Laila Asperheim og underhaldning på sjukeheimane og ÅBO
- Sjekke kinosalen og finn dato saman med Linda Fosse
- Sjekke angående Eldrekino og advokat til å snakke om testament og arv.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/26	Årdal eldreråd	02.03.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr.:
26/295

Regionmøte for eldreråda 2026

Saka gjeld

I løpet av 2026 skal Årdal eldreråd arrangere Regionmøte for eldreråda hjå Aurland, Luster, Vik, Lærdal, Sogndal og Årdal.

Moglege lokasjonar: Ne' fø sjøen, Skåri, Teknologiparken

Bakgrunn

Me mottok 11. april brev frå Politisk sekretariat i Luster om Årdal kommune kunne ta på seg denne rolla i 2026, og Årdal eldreråd denne oppgåva samrøystes.

Drøfting

Me må lande på ein dato som må informerast ut til dei andre eldreråda.

Me må byrja å setje opp eit program og ein lokasjon.

Avtale vidare framgang.

Økonomi

Utgifter vert teke over drift

Tilråding:

Det vert avtalt ein dato for Regionsamling 2026 som kan informerast til eldreråda i Sogn.

Bestemme kva lokasjon som er ynskjeleg for samlinga og booke denne på valgt dato.

Det vert jobba vidare med programmet for samlinga.

Ynskjer me å invitere nokon til å delta på samlinga, utover medlemmer frå andre eldreråd?

Kven? og desse må me avtale med.

02.03.2026 Årdal eldreråd

Eldrerådet setje ned ein arrangement komité: Patricia, Oddgeir og sekretær.

Ordførar må inviterast. Avtale tidspunkt, ordføraren er styrande.

Skaffe pris for Teknologiparken med lunsj på Skåri

ÅER - 004/26 Vedtak

Arrangement komiteen etablert.

Jobbar vidare med planlegging av arrangementet og rapporterar til Årdal eldreråd. Sekreter

Avtale tidspunkt med Ordføraren og kalle inn til arbeidsmøte.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/26	Årdal eldreråd	02.03.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr.:
26/295

Årsmelding - Årdal eldreråd - 2025

Saka gjeld

Årsmelding for Årdal eldreråd 2025.

Bakgrunn

Årsmeldinga for 2025 vert gjennomgått, korrigert og gjort klar for innsending til politisk handsaming.

Tilråding:

Årsmeldinga for Årdal eldreråd 2025 vert godkjent og sendt vidare til Kommunestyret.

02.03.2026 Årdal eldreråd

Utdelt i møtet.

Lese gjennom og korrigert (eit namn var feilskrive)

Legge til at det var ldekafe etter eldrekinoen.

Samrøystes vedteke

ÅER - 005/26 Vedtak

Årsmeldinga er godkjent med tilføyning.

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/26	Årdal eldreråd	02.03.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr.:
26/295

Ymse

Her er det mogleg for rådets medlemmer å ta opp saker som ikkje står på sakslista.

02.03.2026 Årdal eldreråd

Det etterlyses kva som skjer om punktet som Eldrerådet spelte inn i fyrste runde med innspel til budsjettet 2026, angående innføring av inforsmasjons skjermar på sjukeheimane og ÅBO.

Dette har ikkje hamna inn i budsjettet, så skal Eldrerådet ta punktet vidare med å fikse slike informasjonsskjemar.

Kommunalsjef Helse og omsorg hadde fått inntrykk av at Eldrerådet skulle skaffe desse skjermene, rådet ville ha dette inn i budsjettet.

Kirsti Eklund har ein mogleg leverandør til slikt system. Men ho vil legge det fram som ein digital kanal ut mot innbyggjarane i kommune, ikkje berre for eldre på sjukeheimane. Ho vil legge det fram for kommunedirektøren.

På sjukeheimane kunne vore meir spesifisert i forhold til kva som skjer på den bestemte sjukeheimen (timeplanar, måltidsplanar, andre hendingar).

ÅER - 006/26 Vedtak

Kirsti Eklund tek spørsmålet vidare til Kommunedirektøren. Følgje opp neste møte.